

Reglar for masteroppgåve ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet

Innleiing

Dette skrivet gir reglane for utføring av bacheloroppgåve ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet, jamfør «[Forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger](#)».

Viser i tillegg til skrivet «Vegvisar for bachelor- og masteroppgåver ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet» som gir utfyllande informasjon om reglane, oppstart og gjennomføring av oppgåva.

Fristar

Masteroppgåve 30 studiepoeng

- **Innan 1. november:** Studentar søkjar på eller registrerer eigne oppgåveforslag i [Digital studentekspedisjon](#)
- **Innan 1. desember:** Fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 15. januar:** «Avtale om utførelse av bachelor- eller masteroppgave i samarbeid mellom flere studenter» må være signert av alle partar og sendast til studiekoordinator (gjeld berre for dei som skriv i gruppe)
- **15. januar:** Offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **Innan 1. februar:** Frist for eksamensoppmelding
- **1. mai:** Frist for å trekkja seg frå oppgåva
- **15. mai:** Siste frist for å levere inn «Avtale om oppgåveskriving i samarbeid med ekstern virksomhet» for dei som skriv med ekstern verksemd
- **1. juni:** Innleveringsfrist
- **Innan 8 veker frå innleveringstidspunkt:** Publisering av sensur

Masteroppgåve 60 studiepoeng

- **Innan 1. mai:** Studentar søkjar på eller registrerer eigne oppgåveforslag i [Digital studentekspedisjon](#)
- **Innan 15. mai:** Fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 1. september:** Frist for eksamensoppmelding
- **1. september:** Oppstart av oppgåveskriving
- **1. november:** Frist for å trekkja seg frå oppgåva i BIOMAS og MODMAS60
- **1. mai:** Frist for å trekkja seg frå oppgåva i MAFMAS og FYSMAS
- **15. mai:** Siste frist for å levere inn «Avtale om oppgåveskriving i samarbeid med ekstern virksomhet» for dei som skriv med ekstern verksemd
- **1. juni:** Innleveringsfrist
- **Innan 8 veker frå innleveringstidspunkt:** Publisering av sensur

Formelle krav for oppstart

30 studiepoeng masteroppgåve

Krava for oppstart av oppgaveskriving er at studenten må ha bestått minimum 50 studiepoeng i samsvar med godkjend utdanningsplan, og i tillegg ha oppfylt opptakskrava til sitt masterprogram, innan 1. november.

Femårig lektorutdanning 8.- 13. trinn realfag

For å starta på masteroppgåva på 30 studiepoeng, må studenten ha bestått minst 230 studiepoeng på masterstudiet, i samsvar med godkjend utdanningsplan, og i tillegg ha oppfylt opptakskrava til sitt masterprogram, innan 1. november.

60 studiepoeng masteroppgåve

For å starta på masteroppgåva på 60 studiepoeng, må studenten ha bestått minst 40 studiepoeng på det toårige masterstudiet, eller 220 studiepoeng på femårig mastergrad, i samsvar med godkjend utdanningsplan, og i tillegg ha oppfylt opptakskrava til sitt masterprogram, innan 15. august.

Utfyllande informasjon om oppgaveskriving

- Inntil to studentar kan samarbeida om ei masteroppgåver på 30 studiepoeng, der gruppekontrakt må leverast innan gitt frist.
- Masteroppgåve på 60 studiepoeng må utførast individuelt.
- Studenten må fylle ut eigenerklæringsskjema for bruk av KI-verktøy i oppgåva ved innlevering.
- For oppgåver med munnleg høyring må høyringa haldast innanfor masteroppgåvens undervisningstermin.
- Dersom du skriv ei laboratoriumsoppgåve pliktar du å setja deg inn i HMS-reglar før oppstart, og i tillegg rydde arbeidsplassen etter deg før innlevering av oppgåva.
- Ein student har som hovudregel berre eit forsøk på oppgåva. Det kan søkast om eit andre gongs forsøk ref. "Forskrift om studier og eksamen ved universitetet i Stavanger" § 6-9. punkt 4.
 - For ein søknad i hen hald til punkt 4b, er søknadsfristen 2 veker etter karakteren er publisert. Fakultetet kan gje student(ane) inntil ein månad på å bearbeida oppgåva.

Utsett innleveringsfrist

Studentar kan søkja om utsett innleveringsfrist ved gyldig fråvær. Se "Forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger" §6-4. Studentar på utveksling som har siste eksamen etter dato for oppstart av oppgaveskriving, kan søkja om utsett innleveringsfrist tilsvarende tida mista.

Utsett offentliggjøring av oppgåva

Oppgåva skal som hovudregel vere open, men studentar kan søkja om utsett offentliggjøring (konfidensiell oppgåve). Etter grunngav førespurnad frå verksemda kan UiS sperra offentliggjøringa i **inntil to år og unntaksvis i fem år**. Studentar må avklara og eventuelt søkja om utsett offentliggjøring allereie ved oppstart av oppgåva. Siste frist for å senda inn ein slik avtale er 15. mai.

Du søkjar ved å senda inn utfylt og signert "Avtale om oppgaveskriving i samarbeid med ekstern virksomhet" til din [studiekoordinator](#). Det er berre denne avtalen som skal brukast.

Oppgaveskriving utanom ordinær periode

Dersom ein har behov for å endra periode for gjennomføring av oppgaveskriving til dømes til haustsemesteret, er det mogleg å søkje om dette ved å senda inn «Søknad om endring av utdanningsplan ved UiS» via Digital Studentekspedisjon. Merk at du sjølv er ansvarleg for å avklare oppgåve og fagleg ansvarleg før søknad sendast.

Merk at: Kravet for oppstart av 30 studiepoengsoppgåve er at studenten må ha bestått minimum 80 studiepoeng i samsvar med godkjend utdanningsplan, og i tillegg ha oppfylt opptakskrava til sitt masterprogram, innan 1. juli. For 60 studiepoengsoppgåve må studenten ha bestått minimum 50 studiepoeng i samsvar med godkjend utdanningsplan, og i tillegg ha oppfylt opptakskrava til sitt masterprogram, innan 15. januar.

Saman med ein slik søknad, må det også vedleggast eit dokument med følgjande:

- Årsak for ønske om endring av periode
- Bekreftelse frå fagleg ansvarleg
- Tema/tittel for oppgåva

Fristar for oppgaveskriving utanom ordinær periode

Oppgåve på 30 studiepoeng:

- **Innan 1. juli:** Søknadsfrist
- **1. august:** Oppstart av oppgaveskriving
- **15. november:** Frist for å trekke seg frå oppgåva
- **15. desember:** Innleveringsfrist

Oppgåve på 60 studiepoeng:

- **Innan 15. januar:** Søknadsfrist
- **1. mars:** Oppstart av oppgaveskriving
- **1. mai:** Frist for å trekke seg frå oppgåva i BIOMAS og MODMAS60
- **1. november:** Frist for å trekke seg frå oppgåva i MAFMAS og FYSMAS
- **1. desember:** Innleveringsfrist